



DET KONGELEGE  
FINANSDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 93

(2002–2003)

## Om lov om endringer i skatte- og avgiftslovgivinga mv.

*Tilråding frå Finansdepartementet av 15. mai 2003,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 0 Innleiing

Finansdepartementet gjer framlegg til lov om endringer i skatte- og avgiftslovgivinga mv.

I proposisjonen inngår:

1. Forslag om innføring av eit eksportrelatert unntak frå meirverdiavgift for Posten Norge AS
2. Forslag om endringer i reglane for retten til frådrag for underskot i NOKUS-selskap
3. Forslag om innføring av eit særskild reindriftsfrådrag ved inntektslikninga
4. Forslag om innføring av eit særskild frådrag for skiferdrivarar i Finnmark og Nord-Troms
5. Forslag om å auke frådraget for fagforeningskontingent ved inntektslikninga
6. Forslag om å fjerne forskriftsheimelen for generelt skattefritak for arbeidsgjevar si dekning av tilsette sine utgifter til barnehage
7. Forslag om visse endringer i skatte- og avgiftslovgivinga i samband med forslaget om innføring av introduksjonsstønad for nykomne innvandrarar
8. Forslag til retting av lovtekst – skattelova § 6–40 fjerde ledd
9. Omtale av forskrift om skattefritak for arbeidsgjevar si dekning av tilsette sine behandlingsutgifter
10. Omtale av reglane for konserninterne overføringer
11. Omtale av reglane for eigedomsskatt på nettanlegg
12. Omtale av departementet si evaluering av reglane om offentlege skattelister

### 1 Meirverdiavgift – unntak for Postens massesendingar av brev til utlandet

Etter meirverdiavgiftslova § 16 nr. 4 første punktum er transporttenester her i landet – når transporten av vara skjer direkte til eller frå utlandet – fritatt frå meirverdiavgift. Etter lovføresegnas andre punktum gjeld dette unntaket ikkje Postens frakt av brev til utlandet. Bakgrunnen for unntaket var at Posten ikkje hadde høve til å skilje mellom frankering som gjaldt mottakar i Noreg og mottakar i utlandet, noko som er nødvendig for å ta omsyn til behovet for kontroll og notoritet av at tenesta er eksportrelatert.

Regjeringa har i Ot.prp. nr. 41 (2002–2003) lagt fram forslag om å endre lov 29. november 1996 nr. 73 om formidling av landsdekkjande postsendingar (postloven) § 6. Denne lovføresegna angir, saman med postforskrift § 3, omfanget av einerettsområdet til Posten. Endringsforslaget inneber mellom anna at marknaden for utgåande grensekryssende post blir opna fullt ut for konkurranse frå den tida lovendringa tek til å gjelde. Samferdselsdepartementet tek sikte på at lova blir sett i verk 1. juli 2003. Forslaget er eit ledd i gjennomføringa av direktiv 2002/39 om ytterligere konkurranse på marknaden for posttenester i Fellesskapet, vedtatt i EU 10. juni 2002. EØS-komiteen innlemma direktivet i EØS-avtalen ved avgjerd nr. 168/2002 av 6. desember 2002. Odelstingsproposisjonen er for tida til behandling i Stortinget.

Ein reknar med at ei oppheving av eineretten for utgåande grensekryssande post vil medføre at andre postoperatørar i større grad enn i dag vil komme inn på denne marknaden. Meirverdiavgiftslova § 16 nr. 4 andre punktum vil i så fall innebere ei konkurranseulempe for Posten. Meirverdiavgiftssystemet er meint å virke nøytralt så langt som mogleg. Finansdepartementet meiner derfor at dette er uheldig.

I Ot.prp. nr. 94 (2000–2001) Om lov om endringar i skatte- og avgiftslovgivingen uttalte departementet om § 16 nr. 4 andre punktum:

«Dersom Posten på bakgrunn av den tekniske utvikling senere vil kunne skille mellom frankering av brev til mottaker her i landet og mottaker i utlandet, vil departementet vurdere denne bestemmelsen nærmere.»

På bakgrunn av informasjon frå Posten kan det synes som om Posten kan klare dette skiljet for minst éin type distribusjonsavtaler. Det gjeld distribusjonsavtaler om massesendingar til utlandet. Saka har vore til vurdering i Skattedirektoratet, som har konkludert med at Postens rutiner for denne type distribusjonsavtaler dekkjer behovet for kontroll og notoritet knytta til eksport av posttenesta.

Departementet legg til grunn at forslaget til endring vil gi eit provenytap på om lag 5 mill. kroner pr. år. Provenytapet for 2003 vil utgjere om lag 2 mill. kroner.

Departementet gjer på denne bakgrunn framlegg om at avgiftsplikta til Posten ved omsetning av postsendingar til utlandet, avgrensast slik at avgiftsplikta ikkje lenger skal omfatte omsetning av distribusjonsavtaler om massesendingar av brev til utlandet. Departementet nyttar samtidig høvet til å foreslå ei redaksjonell endring av meirverdiavgiftslova § 16 nr. 4 andre punktum i det statens postselskap no heiter Posten Norge AS. Departementet viser til forslaget om nytt andre punktum i § 16 nr. 4. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde 1. juli 2003.

## 2 Avgrensing av retten til å trekkje frå underskot frå NOKUS-selskap

### 2.1 Innleiing

Etter skattelova §§ 10–60 – 10–68 gjeld det særskilte reglar for skattlegging av eigarar av selskap under norsk kontroll i land med låg skattlegging, såkalla NOKUS-selskap. NOKUS-reglane går ut på at norske eigarar skattleggjast direkte for sin del av selskapets nettoresultat i selskap under norsk kon-

troll i land med låg skattlegging. Resultatet til selskapet fastsetjast etter reglane i norsk skattelovgjeving som om selskapet var skattytar. Formålet er å sikre ei viss løpande norsk skattlegging av slike selskap.

Dette inneber at norske aksjonærar skattleggjast direkte for sin del av selskapets overskot. Går selskapet med underskot, kan norske aksjonærar trekkje frå sin del av underskotet frå selskapet i alminneleg inntekt. Underskot kan dermed redusere norske aksjonærars skattepliktige inntekt i underskotsåret, også den inntekta som stammer frå norske kjelder. Retten til å trekkje frå underskot er avgrensa av ei frådragsramme som svarar til frådragsramma for kommandittistar.

Samanlikna med tilsvarende reglar i andre land er dei norske reglane for frådrag for underskot liberale. Dei gunstige reglane kan gjere det mogleg å utnytte regelverket til skattemotiverte tilpassingar. Departementet foreslår derfor å endre NOKUS-reglane slik at underskot frå NOKUS-selskap ikkje kan trekkjast frå i den alminnelege inntekta til norske aksjonærar, men berre kan framførast mot seinare overskot i same selskap.

### 2.2 Gjeldande rett

Reglane i skattelova §§ 10–60 – 10–68 gjeld for deltakarar i norsk-kontrollert aksjeselskap og likestilt selskap eller samanslutning i land med låg skattlegging. Reglane gjeld vidare for skattytar som aleine eller saman med andre direkte eller indirekte kontrollerar anna sjølvstendig innretning eller formuesmasse som høyrer heime i land med låg skattlegging og som skattytaren direkte eller indirekte har fordelar av.

Som hovudregel reknar ein norsk kontroll å vere til stades når minst halvdel av innretningas partar eller kapital direkte eller indirekte er ått eller kontrollert av norske skattytarar ved inntektsårets begynnning og utgang. Som land med låg skattlegging reknast land der den alminnelege inntektskatten på selskapet eller innretninga sitt samla overskot utgjer mindre enn to tredelar av den skatten selskapet eller innretninga ville ha blitt ilikna dersom det hadde vore heimehøyrande i Noreg.

Når desse vilkåra er oppfylte, skal dei norske eigarane skattleggjast direkte for sin del av selskapets nettoresultat fastsett etter reglane i norsk skattelovgjeving. Dette inneber at når selskapet går med overskot, skal dei norske aksjonærane skattleggjast direkte for sin del av overskotet. Går selskapet med underskot, kan dei norske aksjonærane trekkje frå sin del av underskotet i alminneleg

inntekt. Det vil seie at underskot i NOKUS-selskap kan redusere skattyteren sin skattepliktige inntekt frå kjelder i Noreg.

Frådrag for underskot er avgrensa av ei frådragsramme tilsvarande frådragsramma for kommandittistar. Frådragsramma skal sikre at aksjonæren ikkje får frådrag for meir enn det han risikerer å tape på engasjementet sitt i selskapet. Dette gjenomførast ved at frådragsramma setjast til aksjonæren sin del av skattemessige verdiar trekt frå gjeld. Frådragsramma blir korrigert med eventuell over- eller underpris som aksjonæren har betalt for aksjen, jf. skattelova § 10–43. Underskot som ikkje kjem til frådrag på grunn av frådragsramma, kan framførast til frådrag i del av overskot eller i gevinst ved realisasjon seinare år.

Inngangsverdet for aksjar i NOKUS-selskap skal opp- eller nedregulerast med endringa i selskapet sin skattlagde kapital (RISK-regulering) etter reglane i skattelova § 10–34 så langt dei passar, jf. skattelova § 10–68 første punktum.

Ein skilnad frå RISK-regulering av aksjar i norske selskap er at inngangsverdet for NOKUS-selskap skal nedregulerast med skattemessig underskot, jf. skattelova § 10–68 andre punktum. Dette er ei følgje av at aksjonæren trekkjer frå underskotet frå NOKUS-selskapet i anna inntekt, slik at underskotet frå NOKUS-selskapet ikkje vil påverke seinare års RISK-berekingar gjennom reduksjon av skattepliktig inntekt for dei seinare åra.

Nedreguleringa av inngangsverdet for underskotsåret skal skje utan omsyn til avgrensingane i frådragsretten som følgjer av frådragsramma. Underskot som ikkje kjem til frådrag på grunn av frådragsramma, kan likevel som nemnt ovanfor framførast til frådrag i del av overskot seinare år, også i inntekter frå kjelder i Noreg, eller i gevinst ved realisasjon.

For aksjonærar i NOKUS-selskap som eig skip i fart eller flyttbar innretning for bruk i petroleumsvirksomheit, kan underskot berre framførast mot inntekt seinare år frå same selskap, jf. skattelova § 10–61 tredje punktum. Denne særregelen blei innført i samband med dei særlege reglane om tonnasje-skatt for skipsaksjeselskap, jf. skattelova §§ 8–10 – 8–20.

### 2.3 Departementets vurderingar

Som det går fram ovanfor kan underskot frå NOKUS-selskap kome til frådrag i inntekt som norske eigarar har frå andre inntektskjelder. I samband med innføringa av NOKUS-reglane blei det sagt i Ot.prp. nr. 16 (1991–92) at når ein gjer overskot til gjenstand for løpande skattlegging hos selskapet si-

ne eigarar, tilseier omsynet til symmetri at ein bør opne for samordning av underskot med andre skattepliktige inntektskjelder skattyteren måtte ha. Likevel blei det vurdert om frådrag for underskot burde avgrensast slik at det berre kunne framførast mot seinare overskot i same selskap. Bakgrunnen for dette var kontrollomsyn og at mangel på kontrollmoglegheiter kunne føre til at fiktive underskot kom til frådrag i Noreg. Ei slik løysing blei likevel sett som for restriktiv. Det blei i staden foreslått at skattyteren berre skulle kunne trekkje frå underskot frå NOKUS-selskap i anna inntekt dersom han erklærte at underlagsmaterialet til selskapets rekneskap ville bli framlagt når likningsmyndighetene bad om det.

På bakgrunn av dei erfaringane som er gjort med NOKUS-reglane sidan innføringa i 1992, finn departementet grunn til å vurdere spørsmålet om aksjonæranes rett til frådrag for underskot i anna inntekt på nytt.

Ei rekke andre land har tilsvarande reglar som dei norske NOKUS-reglane. Desse kallar ein gjerne CFC (controlled foreign company)-reglar. Samanlikna med CFC-reglane i andre land, framstår dei norske reglane om deltakaranes rett til frådrag for underskot frå NOKUS-selskap som liberale. Så vidt departementet kjenner til, opnar ingen andre land som har CFC-reglar for at underskot frå CFC-selskap skal kunne trekkjast frå i inntekt frå kjelder i aksjonæren sitt heimland. Det synest som tendensen i utanlandske CFC-reglar er at underskot frå eit CFC-selskap berre kan framførast mot inntekter frå det same selskapet.

Dei føremonlege norske reglane for frådrag for underskot frå NOKUS-selskap kan gjera det mogleg å utnytte regelverket til skattemotiverte tilpassingar. Dette kan for eksempel skje ved at eigarane tilpassar selskapsstrukturen slik at selskap med tilknytning til fleire land blir lagt innanfor NOKUS-ordninga ved underskot, og utanfor NOKUS-ordninga ved overskot. I slike høve vil underskot i NOKUS-selskap kome til frådrag i Noreg, mens det korresponderande overskotet ikkje kjem til skattlegging i Noreg. Når skattyter kan tilpasse seg slik at selskapet er utanfor NOKUS-reglane ved overskot, medan ein i situasjonar med underskot kan sørge for å vere omfatta av NOKUS-reglane, kan den tilsikta symmetrien i lovverket føre til ein asymmetri i praksis. Ei endring slik at underskot frå NOKUS-selskap berre kan framførast mot seinare overskot i same selskap, vil fjerne moglegheita for slike tilpassingar.

Dei samla resultatane frå NOKUS-selskap kan tyde på at reglane om frådrag for underskot frå NOKUS-selskap i anna inntekt er uhøveleg føremonle-

ge. Dei årlege nettoresultata for NOKUS-selskap svinger mye frå år til år, men sett under eitt har dei vore overveiande negative sidan reglane blei innførte. Dette inneber såleis at frådrag i inntekt frå kjelder i Noreg på grunn av underskot i utanlandske NOKUS-selskap truleg har vore større enn den inntekta frå NOKUS-selskap som skattleggjast i Noreg.

Ei endring slik at underskot frå NOKUS-selskap berre kan framførast mot seinare overskot i same selskap, vil vere ei likningsteknisk forenkling av NOKUS-reglane. Når retten til frådrag i anna inntekt opphøyrer, kan bestemmingane om frådragsramme opphevast. Dette inneber ei stor forenkling, ettersom dei til dels svært kompliserte berekningane av over- og underpris fell bort. Særlig gjeld dette ved indirekte eige og kjedeeige av NOKUS-selskap. Likningsmyndigheitene slepp da å fastsetje selskapet sine skattemessige verdiar.

På bakgrunn av det som står over, finn departementet grunn til å foreslå ei innstramming i retten til frådrag for underskot i NOKUS-selskap slik at underskot frå NOKUS-selskap berre kan framførast mot seinare overskot i same selskap.

Frådrag for underskot er i dag avgrensa av ei frådragsramme. Underskot som ikkje kjem til frådrag på grunn av frådragsramma, kan framførast til frådrag i del av overskot seinare år. Samstundes er inngangsverdet til aksjene nedregulert med dette underskotet. Underskot som ikkje har kome til frådrag på grunn av frådragsramma, kan derfor kome til frådrag i gevinst ved realisasjon av aksjane. Departementet legg til grunn at dette underskotet, som skriv seg frå før dei føreslåtte endringane, på same måte som underskot som oppstår etter at endringane er trådt i kraft, skal kunne framførast mot seinare overskot i same selskap. På bakgrunn av at inngangsverdet på aksjane tidligare er nedregulert med slike underskot, legg departementet vidare til grunn at underskot som ikkje har kome til frådrag tidlegare og som skriv seg frå før endringa tredde i kraft framleis skal kunne trekkjast frå ved gevinststoppjeret når aksjane blir realisert.

Endringa i reglane fører og til at frådrag for finansunderskot i NOKUS-selskap fell bort for selskap innanfor den særskilte rederiskatteordninga, jf. skattelova §§ 8–11 til 8–19.

## 2.4 Forslag

Departementet foreslår at underskot frå NOKUS-selskap ikkje lenger skal kunne trekkjast frå direkte i anna inntekt, men berre skal kunne framførast mot seinare overskot i same selskap.

Departementet viser til utkast til endringar i skattelova §§ 10–61, 10–66, 10–68 og 8–15.

## 2.5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Ei avgrensing av frådragsretten for underskot frå NOKUS-selskap slik at underskot ikkje kan trekjast frå mot inntekter frå andre kjelder, vil få provenymessige konsekvensar. Berekinga av provenykonsekvensane av endringa er svært usikker. Provenygevinsten av å avskjere den løpande frådragsretten bereknast til om lag 500 mill. kroner påløpt i 2003, og om lag 500 mill. kroner bokført for 2004. Vidare vil forslaget innebere store administrative forenklingar ved at dei til dels kompliserte berekningane av over- og underpris ved ervervet fell bort.

## 2.6 Når reglane trer i kraft

Departementet foreslår at reglane trer i kraft med verknad for inntektsåret 2003.

## 3 Innføring av eit særskilt reindriftsfrådrag ved inntektslikninga

### 3.1 Innleiing

Finansdepartementet gjer framlegg om at det frå og med inntektsåret 2003 blir innført eit særskilt frådrag i næringsinntekt frå reindriftsverksemd.

### 3.2 Bakgrunn

Forslaget om eit eige inntektsfrådrag for reindriftsnæringa har bakgrunn i St.meld. nr. 33 (2001–2002) Tilleggsmelding til St.meld. nr. 55 (2000–2001) om samepolitikken. Regjeringa meiner at reindrifta bør få liknande skattefordelar som andre primernæringar i Noreg.

I reindriftsavtalen 2003 er det lagt til grunn at det for reindriftsnæringa blir innført eit frådrag i positiv næringsinntekt på 36 000 kroner samt 19 prosent av overskytande inntekt opp til eit samla frådrag på 61 500 kroner.

### 3.3 Departementet sine vurderingar og forslag

Departementet gjer framlegg om at det ved fastsetting av næringsinntekt frå reindriftsverksemd, jf. § 14–82, blir gitt eit inntektsfrådrag etter dei same

prinsippa som ein har i jordbruket, slik at det i positiv næringsinntekt frå reindrift blir gitt eit botnfrådrag på 36 000 kroner. Av overskytande inntekt blir det gitt eit frådrag på 19 prosent opp til eit samla frådrag på 61 500 kroner.

Som inntekt av reindrift blir etter etablert praksis rekna blant anna også inntekt frå sal av husflidprodukt laga av biprodukt av rein og inntekt frå sanking av bær, snarefangst, samt fiske i elver og vatn. Inntekt frå jordbruk og fiske i sjøen, som blir drive ved sidan av reindriften, blir rekna som eiga næring.

Normalt vil det i inntekta også inngå enkelte kapitalinntekter. Departementet meiner at frådraget etter føresetnaden skal bereknast på grunnlag av produksjonsinntekta, og at det ikkje skal vere høve til å ta kapitalinntekter inn i grunnlaget for frådraget. Dette vil også gi ein likningsteknisk enklare regel å praktisere.

Departementet vil i denne samanheng gjere merksam på at det i jordbruket i noko tilfelle er gitt frådrag i kapitalinntekter som ikkje har vore ledd i verksemda. Dette er ikkje i samsvar med føresetnadene for jordbruksfrådraget. Departementet har derfor til vurdering ei klargjering av høvet mellom slike kapitalinntekter og jordbruksfrådraget.

På same måte som når det gjeld jordbruksfrådraget, gjeld frådraget berre positiv næringsinntekt. Frådraget gjeld såleis berre i den grad dette ikkje gjer at årets inntekt frå reindrift blir negativ. Dette inneber både at frådraget ikkje blir aktuelt i anna inntekt same år, t.d. i lønnsinntekt eller i inntekt frå jordbruk, og at frådraget ikkje kan danne grunnlag for underskott som kan førast fram til frådrag i overskott seinare år.

For jordbruket er frådraget knytt til «driftsenheten», dvs dei bruka der omsetninga inngår i ei felles næringsoppgåve. Ein «driftsenhet» innan reindriften kan bestå av fleire sjølvstendige reineigarar, jf. reindriftslova 9. juni 1978 nr 49 § 4. På bakgrunn av det som er uttalt i reindriftsavtalen, legg departementet til grunn at frådraget ikkje skal knytast til driftseininga, men at alle reineigarane i utgangspunktet skal få frådraget. For reindriftsfrådraget sin del vil derfor driftseininga ikkje ha noka sjølvstendig mening. For å få fram i lovteksten at det berre er den einskilde deltakaren i driftseininga som har krav på frådraget, er omgrepet «produsenten» tatt inn på same måte som for jordbruksfrådraget.

Departementet legg til grunn at berre personlege reineigarar skal kunne gjere krav på frådraget. Tamreinlaga, som normalt er organiserte som særskilt likna andelslag (AL), skal ikkje kunne krevje frådraget.

Ved bortleige (bortforpakting) i jordbruket skal

leigaren levere eiga næringsoppgåve og kan gjere krav på jordbruksfrådrag. Bortleigar som leverer eiga næringsoppgåve, vil ikkje ha krav på frådraget med mindre han driv eigen aktivitet som oppfyller kravet til verksemd i skattelova. Også dette fylgjer av at frådraget blir gitt til «produsenten». I reindriftnæringa finst det ikkje liknande tilfelle.

Når det gjeld jordbruksfrådraget, er det teke inn i lova ein regel om at kvar skattytar berre kan gjere krav på eitt heilt frådrag. Dette har samanheng med at jordbrukaren kan vere deltakar i fleire driftseiningar. For reindriften kan reineigaren berre drive ei eining, slik at det ikkje vil vere behov for ein tilsvarande regel her.

Ektefellar i jordbruket kan til saman ikkje gjere krav på meir enn eitt frådrag sjølv om dei er deltakarar i kvar si driftseining. I reindriften er det vanleg at ektefellane har kvar sin rein i eige merke. For ikkje å legge til rette for utilsikta tilpassingar meiner departementet at det også for reindriften bør vere slik at ektefellar til saman berre har krav på eitt frådrag.

Dersom ugift son eller dotter som ikkje er fylt 20 år, har fått formue og/eller inntekt av reinsdyr i gåve frå foreldra, blir denne gáva likna saman med foreldra. Son eller dotter som er 17 år eller eldre, blir likevel likna sjølvstendig for formue og inntekt av eigen rein når vedkommande arbeider aktivt i reindriften, og dette er vedkommandes hovudsyssetjing. Vedkommande skal då levere eiga næringsoppgåve, og vil ha krav på det særskilte inntektsfrådraget.

Personar som deler inntekt frå same næringsoppgåve mellom seg, skal på same måte som når det gjeld jordbruksfrådraget, dele frådraget forholdsmessig.

Med omsyn til oppstartsår og avviklingsår er det for jordbruksfrådraget lagt til grunn at skattytaren berre har krav på frådraget dersom vedkommande har drive verksemd minst halvparten av inntektsåret. I utforminga av jordbruksfrådraget vurderte departementet ein regel som t.d. avkortar frådraget svarande til det talet på månader verksemda blir driven, som lite føremålstenleg. Departementet legg til grunn at det bør gjelde ei tilsvarande ordning for reindriftsfrådraget.

I tilfelle der skattytaren driv både reindrift og jordbruk eller skiferdrift, skal det ikkje kunne krevjast meir enn eitt heilt frådrag til saman, sjå forslag til nytt niande ledd.

Departementet bør ha høve til å gi forskrift til utfylling og gjennomføring av paragrafen.

Føresegna bør takast inn i skattelova § 8–1, som frå før også har enkelte andre skattereglar for reindriften.

På same måte som for jordbruksfrådraget må eit særskilt frådrag for reindriftsnæringa innarbeiddast i skattelova § 12–12 andre ledd bokstav f.

### 3.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget vil truleg ha små administrative konsekvensar. Provenytapet er rekna til om lag 6 millionar kroner både påløpt og bokført i 2003. Føresetnaden er då at ein tek omsyn til frådraget i forskottsskatten. Det er lagt til grunn at kvar enkelt reineigar vil få frådrag. At ektefellar vil måtte dele frådraget, vil ikkje ha særleg mykje å seie for anslaget, fordi det er svært få ektefellar som i utgangspunktet ville kunne ha nytte av to frådrag.

## 4 Innføring av eit særskilt inntektsfrådrag for skiferdrivarane i Finnmark og Nord-Troms

### 4.1 Innleiing

Finansdepartementet gjer framlegg om at det frå og med inntektsåret 2003 blir innført eit særskilt frådrag i næringsinntekt for skiferdrivarar i Finnmark og Nord-Troms. I praksis vil dette i hovudsak gjelde skiferdrivarane tilslutta AL Alta Skiferbrudd.

### 4.2 Bakgrunn

Departementet legg til grunn at skiferdrifta i Finnmark og Nord-Troms i dag, mest utan unntak finn stad i Alta, og er organisert gjennom AL Alta Skiferbrudd. Kvar av dei om lag 150 drivarane der er sjølvstendig næringsdrivande med ansvar for eigen produksjon og omsetning. Andelslaget, som er eit sjølvstendig rettssubjekt, fungerer som eit administrasjons- og salskontor for medlemane i laget. Tradisjonelt har skiferdrifta i Alta blitt sett på som eit lokalt sysselsettingsalternativ til primærnæringane der, nemleg jordbruk, reindrift og fiske. Det er vanskeleg å rekruttere til skiferdrivar-yrket i konkurranse med desse næringane.

### 4.3 Departementet sine vurderingar og forslag

Slik det og er foreslått for reindriftsnæringa, legg departementet fram forslag om eit inntektsfrådrag for skiferdrivarane i Finnmark og Nord-Troms etter

dei same prinsippa som gjeld frådraget for jordbruket. Det vil seie at det i positiv næringsinntekt blir gitt eit botnfrådrag på 36 000 kroner. Av overskytande inntekt blir det gitt eit frådrag på 19 prosent opp til eit samla frådrag på 61 500 kroner.

I inntekta vil det normalt også inngå enkelte kapitalinntekter. Departementet meiner at frådraget for skiferdrivarar berre skal bereknast på grunnlag av produksjonsinntekta, og at det ikkje skal vere høve til å ta slike kapitalinntekter inn i grunnlaget for frådraget. Det vil også gje ein likningsteknisk enklare regel å praktisere.

Departementet vil i denne samanheng gjere merksam på at det i jordbruket i noko tilfelle er gitt frådrag i kapitalinntekter som ikkje har vore ledd i verksemda. Dette er ikkje i samsvar med føresetnadene for jordbruksfrådraget. Departementet har derfor til vurdering ei klargjering av høvet mellom slike kapitalinntekter og jordbruksfrådraget.

På same måte som når det gjeld jordbruksfrådraget, gjeld frådraget berre positiv næringsinntekt. Frådraget gjeld såleis berre i den grad dette ikkje bringer årets inntekt frå skiferdrifta lengre ned enn til 0. Frådrag i anna inntekt same år, t.d. i lønnsinntekt eller i inntekt frå jordbruk, er derfor ikkje aktuelt. Heller ikkje vil frådraget kunne danne grunnlag for underskot som først fram til frådrag i seinare års overskot.

Ektefellar i jordbruket kan til saman ikkje gjere krav på meir enn eitt frådrag. Dersom begge ektefellane deltek i skiferdrifta, bør ektefellane til saman berre ha krav på eitt frådrag.

I tilfelle der personar deler inntekta frå same næringsoppgåva mellom seg, skal frådraget delast forholdsmessig.

For oppstartsåret og avviklingsåret er det for jordbruksfrådraget lagt til grunn at skattytar berre kan krevje frådraget dersom vedkommande har drive verksemda over halvparten av inntektsåret. Ein regel som t.d. avkortar frådraget svarande til det talet på månader verksemda blei driven, blei av likningstekniske årsaker funne lite føremålstenleg. For skiferdrift foreslår departementet den same ordninga.

I tilfeller der skattytaren driv både skiferdrift og jordbruk eller reindrift, skal det ikkje kunne krevjast meir enn eitt heilt frådrag til saman, sjå forslag til nytt niande ledd.

Departementet bør ha høve til å gi forskrift til utfylling og gjennomføring av paragrafen.

Departementet har vurdert om eit slikt inntektsfrådrag vil kunne vere i strid med ESA sitt statsstøtteregelverk. På bakgrunn av at støttebeløpet til kvar einskild næringsdrivande skiferdrivar vil bli å rekne som bagatellmessig etter EØS-reglane om *de*

*minimis* -støtte, vil frådraget ikkje stri mot regelverket til ESA. I vurderinga av om støtta ligg innanfor dette regelverket må ein likevel også ta omsyn til anna *de minimis* -støtte. Dersom den sjølvstendig næringsdrivande skiferdrivaren mottek anna *de minimis* -støtte, må frådraget reduserast slik at den samla støtta ikkje overstig 100 000 euro over ein treårsperiode, dvs. om lag 250 000 kroner pr. år. Det blir vist til utkast til lovføresegn.

Føresegna bør takast inn i skattelova § 8–1, som frå før også har føresegner om mellom anna jordbruksfrådraget.

På same måte som for jordbruksfrådraget må eit særskilt frådrag for skiferdrivarane i Finnmark og Nord-Troms innarbeidast i skattelova § 12–12 andre ledd bokstav f.

#### 4.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget vil truleg ikkje medføre monalege administrative konsekvensar. Provenytapet er rekna til om lag 3 mill. kroner påløpt og bokført i 2003. Føresetnaden då er at ein tek omsyn til frådraget i forskottsskatten.

## 5 Frådrag for fagforeiningskontingentar

I St.meld. nr. 2 (2002–2003) Revidert nasjonalbudsjett 2003 kapittel 3.3 gjer Regjeringa framlegg om å auke frådraget for betalt fagforeiningskontingent og kontingent til næringsorganisasjonar til 1 450 kroner frå og med inntektsåret 2003. Maksimalt frådrag er i dag 1 100 kroner. Det visast til vedlagt forslag til endring i skattelova § 6–19 andre ledd fjerde punktum og § 6–20 fjerde ledd andre punktum. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2003.

## 6 Fjerning av forskriftsheimel for generelt skattefritak for arbeidsgjevar sin dekning av tilsette sine utgifter til barnehage

Regjeringa meiner at det ikkje er grunnlag for å utvide skattefritaket for tilskot frå arbeidsgjevar til barnehage for arbeidstakarane sine barn, og heller ikkje å innføre skattefritak for andre former for yttingar frå arbeidsgjevar til å dekkje arbeidstakarane sine utgifter til barnehage. Sjå nærare omtale av

dette i St.meld. nr. 2 (2002–2003) Revidert Nasjonalbudsjett 2003 kapittel 3.3. Finansdepartementet foreslår derfor å reversere den lovendringa som blei vedteken i samband med behandlinga av statsbudsjettet for 2003, jf. Innst.O. nr. 27 (2002–2003) punkt 21.1. Det gamle, men avgrensa skattefritaket for tilskot til barnehage for tilsette sine barn blir då ført vidare.

I tillegg foreslår departementet å rette ein skrivefeil, ved at «barnehage» i gjeldande lov blir erstatta med «barnehage».

Sjå forslag til endringar i skattelova § 5–15 andre ledd andre punktum.

## 7 Oppfølging av Ot.prp. nr. 28 (2002–2003) Om lov om introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

### 7.1 Innleiing

Regjeringa fremma 13. desember 2002 Ot.prp. nr. 28 (2002–2003) Om lov om introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven). Forslaget inneheldt også utkast til endringar i mellom anna skattelova og folketrygdlova. Når det gjeld skattemessige forhold, blei det gjort framlegg om at stønaden som nye innvandrere kan få etter utkastet til introduksjonslova, skal vere skattepliktig som alminneleg inntekt og personinntekt, og at det skal svarast trygdeavgift med låg sats. For ei nærmare utgreiing om forslaget på dette punkt, viser ein til den nemnde proposisjonen. Det blei ikkje fremma forslag om korleis introduksjonsstønaden skulle handsamast i forhold til rapportering, trekk og arbeidsgjevaravgift. Finansdepartementet meiner at også desse spørsmåla bør regulerast uttrykkeleg. Det blir derfor fremma forslag om dette no. Forslaga blir fremma i samråd med Kommunal- og regionaldepartementet.

### 7.2 Nærmare om departementet sine vurderingar og forslag

I Ot.prp. nr. 28 (2002–2003) Om lov om introduksjonsordning for nyankomne innvandrere blei det ikkje fremma forslag om korleis introduksjonsstønaden skal handsamast i forhold til rapportering og skattetrekk. Heller ikkje spørsmålet om arbeidsgjevaravgift blei uttrykkeleg regulert, men det har blitt lagt til grunn at det ikkje er grunnlag for å påleggje introduksjonsstønaden arbeidsgjevaravgift. Det vil

vere ei føremon for mottakaren av stønaden å bli stilt ovafor dei same reglane som dei mest truleg seinare vil måtte halde seg til i løna arbeid.

Departementet meiner det er mest tenleg at den som utbetaler stønaden, det vil seie kommunen, bør rapportere utbetalinga til skattestyresmakterne på lik line med det som gjeld for løn. Truleg er det allereie heimel for slik plikt til rapportering i likningslova § 6–2 nr 1 bokstav b. Departementet meiner likevel at rapporteringsplikta bør regulerast uttrykkeleg. Det visast til utkast til endring av likningslova § 6–2 nr. 1 bokstav b.

Når det gjeld skattetrekk, bør introduksjonsstønaden vere omfatta av reglane om forskottstrekk. Forskottstrekk gjeld mellom anna for løn og pensjon, jf. skattebetalingslova § 5. Konsekvensen av ikkje å innlemma introduksjonsstønaden i reglane om forskottstrekk er at det er reglane om forskottsskatt i skattebetalingslova §§ 13 følgjande som då vil gjelde.

Forskottstrekk vil vere mest tenleg med sikte på å sikre at skatten faktisk blir betalt. Også i tilfeller kor skattyaren har introduksjonsstønad kombinert med anna skattepliktig inntekt, vil ei ordning med forskottstrekk vere best egna til å sikre korrekt betaling av skatten. Det visast til utkast til endring av skattebetalingslova § 5 første ledd bokstav e.

Introduksjonsstønaden er ei yting frå det offentlege for å sikre deltakarane i introduksjonsordninga ei inntekt. Ytinga har ein viss likskap med arbeidsinntekt, då det er ei føresetnad for å få ytinga at ein tek del i eit introduksjonsprogram. Det er neppe heimel for å påleggje arbeidsgjevaravgift på ytinga etter folketrygdlova § 23–2. Departementet meiner likevel at det er mest tenleg at spørsmålet om plikt til å svare arbeidsgjevaravgift blir regulert uttrykkeleg. Det blir derfor gjort framlegg om at folketrygdlova endrast slik at det heilt klart går fram at introduksjonsstønaden ikkje er ei arbeidsgjevaravgiftspliktig yting. Det visast til utkast til endring av folketrygdlova § 23–2 nytt femte ledd.

### 7.3 Ikraftsetjing

I Ot.prp. nr. 28 (2002–2003) Om introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven) blei det gjort framlegg om at introduksjonslova, og endringane i andre lovar, skulle setjast i kraft frå 1. september 2003. Kommunane pliktar likevel ikkje å nytte lova før 1. september 2004, jf. utkastet til ikraftsetjingsregel i § 21. Endringane som det blir gjort framlegg om i denne proposisjonen bør derfor setjast i kraft frå 1. september 2003.

## 8 Forslag til retting av lovtekst – skattelova § 6–40 fjerde ledd

Ved lov 21. desember 2000 nr. 111 blei det vedteke endringar i skattelova § 4–31 som førte til at tidlegare første ledd i skattelova § 4–31 blei erstatta med nye lovføresegner som blei inntekne i skattelova § 4–31 første til tredje ledd. Tidlegare andre og tredje ledd i skattelova § 4–31 blei samstundes ført vidare i skattelova § 4–31 nye fjerde og femte ledd.

Lovføresegna i skattelova § 6–40 fjerde ledd viser mellom anna til lovføresegna i skattelova § 4–31 tredje ledd. Ved ein feil blei jamføringa i skattelova § 6–40 fjerde ledd til skattelova § 4–31 tredje ledd ikkje retta i samband med lovendringa 21. desember 2000 nr. 111. Rett jamføring skal vere til skattelova § 4–31 femte ledd. Departementet foreslår at skattelova § 6–40 fjerde ledd endrast i samsvar med dette.

## 9 Omtale av forskrift om skattefritak for arbeidsgjevar si dekning av tilsette sine behandlingsutgifter

Hausten 2003 vedtok Stortinget ein heimel i skattelova § 5–15 andre ledd for Finansdepartementet til å gje forskrift om skattefritak for arbeidsgjevar si dekning av tilsette sine behandlingsutgifter. Departementet sende 19. mars 2003 ut eit forslag til forskrift på høyring. Høyringa er nå avslutta, og forskrifta vil bli vedteken om kort tid.

I høyringsnotatet varsla departementet at ein i Revidert nasjonalbudsjett 2003 ville kome tilbake med særskilde fritak frå arbeidsgjevaravgift og forskottstrekk. Etter høyringsrunden har departementet kome fram til at særskilde heimlar for fritak frå trekkplikt og arbeidsgjevaravgift ikkje er nødvendige. Det kan likevel bli aktuelt ved eit seinare høve å foreta ein meir generell gjennomgang av reglane på området.

I høyringsnotatet uttalte departementet vidare at «Skattefrie naturalytelser er per i dag heller ikke innberetningspliktige. Departementet ser likevel at arbeidsgivers dekning av behandlingsutgifter kan gjelde til dels store beløp. Dette kan tale for at dekning i form av naturalytelse i disse tilfellene likevel blir innberetningspliktig. Det må i så fall utarbeides en ny hjemmel i forskriften om begrenning i lønnsoppgaveplikten, jf. fritaket for naturalytelser i § 3 ...». Departementet ser det som ønskjeleg å innføre rapporteringsplikt for dekning av behandlingsutgifter og behandlingforsikring som skattefri naturalytning, og er av den oppfatning at dette best gjerast ved å innføre eit nytt tredje punktum i § 3 i forskrift 30. de-



semer 1983 nr. 1974. Departementet tek sikte på ei slik forskriftsendring i vår, og på at ho trer i kraft samtidig som den nemnde forskrifta om skattefritak for arbeidsgjevar si dekning av behandlingsutgifter og premie til behandlingforsikring. Forskriftsendringane får verknad frå og med inntektsåret 2003.

## 10 Skattelova § 11–21 – konserninterne overføringer

Etter skattelova § 11–21 kan næringsaktiva overførast frå eit aksjeselskap eller allmennaksjeselskap til eit anna aksjeselskap eller allmennaksjeselskap, utan at overføringa skattleggast direkte. Skatteposisjonar knytt til vedkommande aktiva vil følge overførte næringsaktiva uendra. Reglane kan berre nyttast dersom selskapa høyrer til same konsern og morselskapet eig meir enn 90 prosent av aksjane når transaksjonen gjennomførast og har 90 prosent av dei stemmene som kan gis på generalforsamlinga. Reglane gjeld også for overføringer av eignedelar mellom norske selskap som nemnt, sjølv om morselskapet høyrer heime i ein framand stat. Vidare kan reglane nyttast når morselskapet er likestilt selskap eller samanslutning, jf. skattelova § 10–1. Skattelova § 11–21 er ei vidareføring av lov 9. juni 1961 nr. 16 om tillegg til lov om skatt av formue og inntekt (skatteloven) 18. august 1911 nr. 8 (omdannelsesloven) avsnitt I § 2. Etter denne lovføresegna kan departementet både fastsetje forskrift og gjere eit enkeltvedtak om overføringer innanfor eit konsern med meir enn 90 prosent eigarfellesskap.

Dei gjeldande reglane om konserninterne overføringer har fått kritikk. Mellom anna blir det hevda at reglane er mindre tenlege når målet med konserninterne overføringer er å legge til rette for endringar i eigarstruktur. Grunnen til dette er at skatte洛夫orskrifta § 11–21–10 første ledd slår fast at skattefritaket berre gjeld så lenge det er konserntilknytning mellom overdragande og overtakande selskap. Endringar i eigarstruktur ved sal av aksjar, kapitalutviding eller anna transaksjon i det overtakande selskapet kan føre det overtakande selskapet ut av konserntilknytninga. Ved eit slikt konsernbrot skal den fritekne gevinsten skattleggast. Etter det departementet kjenner til nyttast reglane likevel i stor utstrekning når målet er å endre strukturen i konsernet utan å endre eigarstrukturen.

Mange søknader om samtykke etter skattelova § 11–21 gjeld samansette transaksjonar som ikkje passer inn under dei reglane som finnast om skattefrie omdanningar, fusjonar og fisjonar. Strukturen-

dringar skjer og på stadig nye måtar. Som eksempel kan nemnast fusjonar og fisjonar der morselskapet yter aksjar som vederlag mot å få ei fordring på det overtakande selskapet. Tilpassinga av skatte-reglane kan lett komme i etterkant av slike situasjonar. Derfor vil det vere naudsynt med høve til individuelle søknader.

Det er neppe tenleg eller mogleg å lovfeste reglar som kan gjelde for alle moglege variantar av strukturendringar. I Ot.prp. nr. 1 (2002–2003) ga departementet ein omtale av reglane om konserninterne overføringer. Departementet framheva at det er ønskjeleg og naudsynt både med eit enklare regelverk og at det blir færre enkelt saker etter skattelova § 11–21. Departementet har i lang tid arbeidd med å gjere reglane om konserninterne overføringer enklare. I proposisjonen varsla departementet at ein tok sikte på å legge fram eit høringsutkast med forslag til eit enklare regelverk innan årsskiftet 2002/2003. Arbeidet har vist at dersom målet er treffsikre reglar som skal hindre utilsikta skattefordelar og dobbelt skattlegging i alle situasjonar og samstundes gjelde for både gevinst- og tapstilfelle, så må reglane bli svært kompliserte. Dessutan kan slike reglar føre til store kontrollproblem.

Da Stortinget drøfta Ot.prp. nr. 1 (2002–2003) uttalte finanskomiteen i Innst. O. nr. 19 (2002–2003) kapittel 15:

«Finansdepartementet arbeider med et høringsutkast om regelendringer som vil kunne foreligge rundt årsskiftet og komiteen anser dette som et viktig arbeid som bør gis prioritet, og regner med at Regjeringen kommer tilbake til Stortinget med forslag til lovendringer om nødvendig. Komiteen ønsker at Regjeringen senest i forbindelse med Revidert nasjonalbudsjett 2003 orienterer Stortinget om fremdrift og status for arbeidet med regelendringer som nå pågår.»

Som nemnt har arbeidet med reglane om konserninterne overføringer vist at det er mange og til dels motstridande omsyn på området. Såleis er det viktig at arbeidet gjennomførast på eit så breitt grunnlag som mogleg. I Skatteutvalget si innstilling, NOU 2003: 9, er skattlegging av personar og selskap drøfta. Desse reglane vil ha innverknad på korleis konserninterne overføringer skal skattleggast. I kapittel 9 i innstillinga foreslår Skatteutvalget å samordne skattlegginga av personar og selskap, etter ein aksjonærmodell. I kapittel 10 vurderer utvalet nærare skattlegginga av utbytte og gevinstar etter denne modellen. Innstillinga er no sendt på høyring og vil bli følgd opp i ei stortingsmelding til hausten. Arbeidet med enklare reglar for konserninterne overføringer vil vere avhengig

av korleis skattlegginga av personar og selskap blir utforma. Etter departementet sitt syn bør arbeidet med høringsnotatet om konserninterne overføringer knytast til oppfølginga av Skatteutvalget si innstilling og bygge på dei løysingane for skattlegging av personar og selskap som kjem ut av denne oppfølginga.

## 11 Vurdering av iverksetting av eigedomsskattelova § 8 for anlegg for overføring og distribusjon av elektrisk kraft

### 11.1 Bakgrunn

Ved kraftskattereforma 1997 blei det vedteke at eigedomsskattelova § 8 skulle tre i kraft for kraftanlegg og anlegg for overføring og distribusjon av elektrisk kraft (heretter overføringsanlegg). Iverksettinga blei utsett fleire gonger for begge typar anlegg. Eigedomsskattelova § 8 tredde i kraft for kraftanlegg frå og med eigedomsskatteåret 2001. Iverksettinga for overføringsanlegg blei sist utsett til eigedomsskatteåret 2004 ved kgl.res. av 30. november 2001.

Eigedomsskattelova § 8 slår fast at «*Eigedomsskattetaksten skal reknast ut etter verdet (taksten) som eigedomen vert sett til ved likninga året før skatteåret.*», det vil seie formuesverdien av eigedomen. Ved kraftskattereforma blei det vedteke at formuesverdien i overføringsanlegg skulle setjast til «*skattemessig verdi pr. 1. januar i ligningsåret*», jf. skattelova 1911 § 37 bokstav a femte ledd, no skattelova § 18–5 åttande ledd. Bakgrunnen for dette vedtaket var mellom anna at ein meinte at verdsetting etter skattemessige verdiar ville treffe marknadsv verdien av overføringsanlegg betre og at det ville føre til forenkling og kostnadsinnsparing for likningsmyndighetene og kraftføretaka. Vidare meinte departementet at ei slik verdsetting ville føre til mindre bruk av skjønn og at det ville føre til færre tvistar om taksering for eigedomsskatteføremål.

I Ot.prp. nr. 78 (2000–2001) kapittel 8 varsla departementet at det var usikkert om dei føresetnadane som låg til grunn for vedtaket om iverksetting av eigedomsskattelova § 8 med skattemessige verdiar som grunnlag for verdsetting, jf. skattelova § 18–5 åttande ledd, framleis var til stades. Bakgrunnen for dette var mellom anna at Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har endra sine retingslinjer for fastsetting av maksimale tariffar og dom i Høgsterett av 12. februar 1999 om taksering av overføringsanlegg etter byskattelova § 5.

Den 6. november 2002 sendte departementet ut eit høringsnotat med sine vurderingar, med høringsfrist 18. desember s.å. I notatet konkluderte departementet med at føresetnadene for vedtaket om iverksetting av eigedomsskattelova § 8 ikkje lenger var til stades. Departementet kom derfor til at eigedomsskattelova § 8 ikkje bør tre i kraft for overføringsanlegg. Hovudgrunnen til dette er at det er ein føresetnad for ei slik iverksetting at det skjer ei felles verdsetting av overføringsanlegget hos selskapa. Føresetnaden for ei slik verdsetting er at det finnest reglar for fordeling av eigedomsskattegrunnlaget. Overføringsanlegga er delt inn i tre nettnivå, sentral-, regional- og distribusjonsnettet. I høringsnotatet vurderte departementet fleire modellar for fordeling. I praksis vil det vera vanskeleg å få på plass reglar som både fører til enklare reglar i forhold til det takseringssystemet som gjeld i dag, gir ei rettferdig fordeling og ikkje aukar konfliktpotensialet mellom kommunane. Dei reglane for verdsetting som er vedteke i skattelova § 18–5 åttande ledd kan også føre til at eigedomsskattegrunnlaget i enkelte overføringsanlegg vil bli null, sjølv om overføringsanlegget framleis er i drift. Vidare er NVEs reguleringsregime for fastsetting av maksimale tariffar for nettselskapa endra frå å vera eit avkastningssystem til eit inntektsrammesystem etter kraftskattereforma 1997. Endringa gir nettselskapa høve til å oppnå ei meiravkastning ved effektiv drift, samstundes som den teknologiske utviklinga på området har gjort det mogleg å nytte overføringsanlegg som bærer av til dømes teleanlegg. På bakgrunn av disse forholda er det observert at overføringsanlegg har blitt omsett til høgare priser enn det ei objektiv vurdering av verdiane i anlegga skulle tilseie.

Departementet gjorde derfor framlegg om at kgl.res. 17.07.1998 nr. 613 om delvis ikrafttredelse av lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt, skal endrast ved kgl.res. slik at overføringsanlegg ikkje lenger er omfatta av iverksettingsføresegna.

### 11.2 Høyring

Ti høringsinstansar ga realitetsutsegn til høringsnotatet. Fleirtalet støttar departementet sine vurderingar og konklusjonen. Statnett SF og Energibedriftenes landsforening (EBL) går i mot forslaget med lik grunngeving. Statnett og EBL viser i hovudsak til at dagens takseringssystem er ressurskrevjande og lite rasjonelt for nettselskapa. Dei skattemessige saldoverdiane gir eit tilnærma riktig uttrykk for salgsverdien til nettanlegga. Dersom nettselskapa også kan nytte disse verdiane i eigedomsskattesamanheng vil det føre til stor ressurs-

og tidssparing for selskapa. I framtida vil det vere naudsynt med jevnlege investeringar i overføringsanlegga. Dette fører til at dei skattemessige verdiane vil vere stabile og slik sikre kommunane sine inntekter frå eigedomsskatt på overføringsanlegg. Statnett og EBL meiner at problema knytte til fordeling av eigedomsskattegrunnlaget for distribusjonsnett i overføringsanlegg kan løysast ved at eigedomsskattegrunnlaget fordelast etter kor mange km. linje eller kor mange abonnentar det er i den einskilde kommunen. Statnett opplyser at selskapet har full oversikt over kommuneplassinga av anleggsdelane i sine nettanlegg.

### 11.3 Departementet si vurdering

I dag gjeld eigedomsskattetakstane for 10 år av gongen, jf. byskattelova § 4. Når 10-årsperioden er over, kan det gjennomførast ny taksering eller det kan haldast kontortaksering etter lov 17. desember 1982 nr. 82. Kommunen skal dekke kostnadane ved begge typar taksering. Etter det departementet er kjend med fører ikkje takseringane til administrativt arbeid av særleg omfang for nettselskapa.

Som følgje av den teknologiske utviklinga kan overføringsanlegg nyttast som bærer av mellom anna teleanlegg. Anleggsdelar i overføringsanlegg nyttast også i teleanlegg. For eigedomsskatteføremål verdsettes teleanlegg ved takst etter dei generelle reglane i eigedomsskattelova. Utviklinga av tovegskommunikasjon mellom nettselskap og kunde aukar telekommunikasjonen sin innverknad på kraftforsyninga. Vidare er NVE sitt reguleringsregime endra etter vedtaket om iverksetting av eigedomsskattelova § 8 for overføringsanlegg. Disse forholda gjer at overføringsanlegg har blitt omsatt til til dels langt høgare prisar enn det var grunn til å tro på grunnlag av anleggsdelane sin isolerte verdi. Departementet sitt syn er derfor at skattemessige verdiar ikkje er eit godt nok uttrykk for anlegga sin marknadsverdi, for eigedomsskatteføremål.

På grunnlag av høyringsutsegna frå Statnett og EBL går departementet ut i frå at det ikkje vil vera kostbart eller tungvint å fordele eigedomsskattegrunnlaget mellom kommunane på ønska måte i sentral- og regionalnettet. Derimot finnest det ingen oversikt over kommuneplassinga for anleggsdelar i distribusjonsnett. Det er svært mange anleggsdelar i distribusjonsnett, til dømes transformatorar, nettstasjonar mv. Ei fordeling etter kor mange km. linje eller kor mange abonnentar det er i den einskilde kommunen vil ikkje ta omsyn til plasseringa til disse anleggsdelane. Departementet meiner at ei slik fordeling vil kunne gi om-

fordelingsverknader som ikkje er i samsvar med eigedomsskattelova sitt system.

Departementet vil derfor halde fast på konklusjonen i høyringsnotatet om at eigedomsskattelova § 8 ikkje bør tre i kraft for overføringsanlegg. Det vil bli gjort framlegg om kongeleg resolusjon om at kgl.res. 17.07.1998 nr. 614 om delvis ikrafttredelse av lov av 6. juni 1975 om eigedomsskatt, endrast slik at overføringsanlegg ikkje lenger er omfatta av ikrafttredelsesføreseigna.

## 12 Omtale av departementet si evaluering av reglane om offentlege skattelister

Finansdepartementet starta i 2002 eit arbeid med å evaluere reglane om offentlege skattelister. I samband med handsaminga av dokument 8:150 (2001–2002) om å forby denne ordninga, uttalte statsråden i eit brev til finanskomiteen datert 9. oktober 2002 mellom anna:

«På bakgrunn av at offentliggjøringa av skattemessige verdier reiser en rekke nye problemstillinger, blant annet som følge av publisering av landsdekkende skattelister på Internett og den bekymring dette skaper, har departementet satt i gang et arbeid for å se nærmere på reglane som ligger til grunn for ordningen. Departementet vil gjennomføre en bred evaluering av gjeldende regelverk. I denne sammenheng kan det også bli aktuelt å vurdere nærmere ulike interessenters konkrete behov for informasjonen (...). Departementet tar sikte på å sende utkast til endringer i regelverket om offentliggjøring av skattelister, på alminnelig høring innen utgangen av året.»

I Innst. S. nr. 14 (2002–2003) blei Regjeringa bedt om å gjennomføre evalueringa og vurdere ulike interessentar sine behov for informasjon. Regjeringa blei og bedt om å kome tilbake til saka med omtale og framdrift i Revidert nasjonalbudsjett 2003.

Reglane om skattemessige verdier reiser fleire problemstillinger knytt til ønsket om ei open likningsforvaltning på den eine sida, og omsynet til personvernet på den andre. Arbeidet med å evaluere reglane er diverre forsinka. Departementet tek no sikte på å sende saka på høyring innan kort tid. Nokre av dei tiltaka som ein vil skissere i høyringa, kan bli aktuelle allereie ved utlegginga av skattemessige verdier til hausten for inntektsåret 2002.

Om lov om endringar i skatte- og avgiftslovgivinga mv.

Finansdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i skatte- og avgiftslovgivinga mv.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i skatte- og avgiftslovgivinga mv. i samsvar med eit vedlagt forslag.

## Forslag til lov om endringar i skatte- og avgiftslovgivinga mv.

### I

I lov av 21. november 1952 nr. 2 om betaling og innkrevjing av skatt (skattebetalingslova) blir denne endringa gjort:

§ 5 første ledd bokstav e) skal lyde:

e) Skattepliktige trygdeytelser, pensjoner, *introduksjonsstønad etter introduksjonsloven*, vartpenger, livrenter og liknende stønader og ytelser, unntatt føderåd og underholdsbidrag.

### II

I lov om meirverdiavgift 19. juni 1969 nr. 66 skal følgjande lovføresegn lyde:

§ 16 nr. 4 andre punktum:

*Med unntak av Posten Norge AS' omsetning av masseforsendelser av brev til utlandet, gjelder første punktum likevel ikke for Posten Norge AS' befordring av brev til utlandet.*

### III

I lov av 13. juni 1980 nr. 24 om likningsforvaltning (likningslova) blir denne endringa gjort:

§ 6-2 nr. 1 bokstav b skal lyde:

b. pensjon, *introduksjonsstønad etter introduksjonsloven*, føderåd i jord- og skogbruk, livrente som ledd i pensjonsordning i arbeidsforhold, engangs- og avløsningsbeløp for slike ytelser, underholdsbidrag, fødselspenger, omsorgspenger ved adopsjon, dagpenger under arbeidsløshet, sykepenger o.l. ytelser som skal regnes som skattepliktig inntekt for mottakeren,

### IV

I lov av 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdlova) blir desse endringane gjort:

§ 23–2 nytt femte ledd skal lyde:

*Det skal ikke betales arbeidsgiveravgift for introduksjonsstønad etter introduksjonsloven.*

Noverande femte til tolvte ledd blir nytt sjetten til trettonde ledd.

### V

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skattelova) gjerast følgjande endring:

§ 5–15 andre ledd andre punktum skal lyde:  
Departementet kan også gi forskrift om skattefritak for arbeidsgivers *tilskudd til barnehage* for ansattes barn.

§ 6–19 andre ledd fjerde punktum skal lyde:  
Fradrag kan enten gis med inntil 1 450 kroner eller med inntil to promille av samlet utbetalt lønn.

§ 6–20 fjerde ledd andre punktum skal lyde:  
Fradrag kan samlet gis med inntil 1 450 kroner eller med en forholdsmessig del av dette beløpet når fradragsberettiget kontingent er betalt for bare en del av inntektsåret.

§ 6–40 fjerde ledd skal lyde:

I tilfelle skattyter skal gis begrenset eller fast fradrag for gjeld etter §§ 4–31 *femte* ledd og 4–53, gis det fradrag bare for rente av den gjeld som kommer til fradrag ved formuesfastsettelsen.

§ 8–1 nytt sjuande ledd skal lyde:

Ved fastsettelsen av årets positive næringsinntekt fra reindrift, gis produsenten et inntektsfradrag på inntil 36 000 kroner per år. For inntekt over 36 000 kroner gis i tillegg et fradrag på 19 prosent av inntekten opp til et samlet fradrag på 61 500 kroner. Fradraget kan bare kreves av reineier som har drevet reindriftsvirksomhet over halvparten av inntektsåret. Personer som deler inntekten fra samme næringsoppgave mellom seg, skal dele fradraget forholdsmessig. Ektefeller kan til sammen ikke kreve mer enn ett fradrag. Departementet kan gi forskrift til utfylling og gjennomføring av dette ledd.

§ 8–1 nytt åttande ledd skal lyde:

Ved fastsettelsen av årets positive næringsinntekt fra skiferproduksjon i Finnmark fylke eller kommunene Karlsøy, Kvæningen, Kåfjord, Lyn-gen, Nordreisa, Skjervøy og Storfjord i Troms fylke, gis produsenten et inntektsfradrag på inntil 36 000 kroner per år. For inntekt over 36 000 kroner gis i tillegg et fradrag på 19 prosent av inntekten opp til et samlet fradrag på 61 500 kroner. Fradraget kan bare kreves av skiferdriver som har drevet virksomhet over halvparten av inntektsåret. Personer som deler inntekten fra samme næringsoppgave mellom seg, skal dele fradraget forholdsmessig. Ektefeller kan til sammen ikke kreve mer enn ett fradrag. Dersom fordelingen av fradraget sammen med fordel av eventuell annen støtte etter EØS-reglene om bagatellmessig støtte overstiger 250 000 kroner, skal fradraget reduseres slik at den

samlede støtten ikke overskrider 250 000 kroner. Departementet kan gi forskrift til utfylling og gjennomføring av dette ledd.

§ 8–1 nytt niande ledd skal lyde:

Fradrag etter § 8–1 sjette, sjuende eller åttende ledd kan til sammen ikke overskride 61 500 kroner.

§ 8–15 andre ledd siste punktum skal lyde:

Bestemmelsen i § 10–43 om fradragsbegrensning kommer ikke til anvendelse ved fastsettelse av inntekt som nevnt i første punktum for kommandittister og stille deltakere innenfor *ordningen*.

§ 10–61 skal lyde:

Eier m.v. som direkte eller indirekte eier eller kontrollerer selskap eller innretning som nevnt i § 10–60, er skattepliktig for sin forholdsmessige andel av selskapets eller innretningens overskudd, fastsatt etter reglene i § 10–65, uten hensyn til utdeling av verdier fra selskapet eller innretningen, jf. likevel § 10–64. Underskudd fastsatt etter de samme reglene, *kan fremføres til* fradrag i senere års inntekt fra selskapet. Reglene i § 14–6 gis anvendelse så langt de passer.

§ 10–66 skal lyde:

Underskudd *kan bare fremføres* dersom det uttrykkelig erklæres at alt underlagsmateriale til selskapets regnskap vil bli fremlagt på ligningsmyndighetenes *begjæring*.

§ 10–68 skal lyde:

Ved realisasjon av aksje skal aksjens inngangsverdi opp- eller nedreguleres med endring i selskapets kapital etter reglene i § 10–34 så langt de *passer*. Det skal kun foretas regulering i år deltakerne skattlegges etter reglene i dette kapittel.

§ 12–12 andre ledd bokstav f skal lyde:

f. særskilt fradrag for fiskere og fangstfolk etter § 6–60, særskilt fradrag for sjøfolk etter § 6–61, jordbruksfradrag fastsatt etter 8–1 sjette ledd, *reindriftsfradrag fastsatt etter § 8–1 sjuende ledd og skiferfradrag fastsatt etter § 8–1 åttende ledd*.

## VI

Endringane under I, III og IV blir sett i kraft frå 1. september 2003.

Endringa under II blir sett i kraft frå 1. juli 2003.

Endringane under V blir sett i kraft straks med verknad frå og med inntektsåret 2003.